

Dykkar ref.: 19/01229
Vår ref.: 1512448/ 1

07.02.2020

Høringssvar retningslinjer for utøvelse av systemansvaret

SFE Nett AS har høyringsinnspel til 19-01229-12- Vedlegg til retningslinjer for §14-NVF 2020

Del 4.1.1

Ein bør vurdere endring i ordlyden frå «best mogleg symmetri» til «tilstrekkeleg symmetri»

Del 4.1.2.1, 5.2.4.11 og 5.2.1.5

Det er rimelig å bruke KSU som eit referansedokument, det er nokre utfordringar som bør belysast. Det må være klarlagt kven som skal handtere klager på KSU uttale dersom dette vert tillagt avgjerande mynde for nettutforming. Det bør også fundamentast i Forskrift om energiutredningar om det skal ligge som grunnlag i retningslinjene.

Del 5.1

Kravet om autonome anleggsdelar (5.1.1.2) kan tolkast som om ringsamleskinne ikkje kan brukast. Fleksibilitet gjennom seksjonert samleskinne bør være akseptert og eksempel på dette bør inkluderast i retningslinjene.

Del 5.3.1

SFE Nett meiner det vert for strengt å stille minimumskrav til at krafttransformatorar skal tåle høgare spolestraum enn nødvendig merkestraum på viklinga.

Krav om 300A i nullpunkt for alle transformatorar tilkople mot nett over 110kV, saman med at det kun skal være spole på primær- eller sekundærsida framstår som motsigande i tilfeller der ein transformerer mellom >110kV til <33kV nett som er spolekompensert.

Del 5.5.2.2

Krav om sjølvstendig effektbrytar som kan fjernstyrast for spoler kan være unødig

fordyrande for små transformatorar, det bør være rom for å kunne vurdere dette opp mot feilsannsynlegheit for spolen og størrelse på transformator saman med systemansvarleg.

Del 5.5.3

Vi støttar at det skal kunne driftast underkompensert, men ikkje at det må driftast underkompensert slik det no står.

Venleg helsing

SFE Nett AS

Kristian Vassbotten / Avdelingsleiar Kraftsystem

(Elektronisk godkjent i hht interne rutiner)